



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 07.04.2015
Vår ref.: 2015/2901-5
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til oppstart av detaljregulering for Hillestad bustadområde, gnr 196 brn 21m.fl- Lindås kommune

Vi viser til brev datert 04.03.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Hillesvåg bustadområde, gnr 196 brn 21 m.fl i Lindås kommune. Hovudføremålet med reguleringa er bustad og veg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad og fritidsbusetnad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

Meir om strandsona, friluftsliv.

Planområdet ligg i strandsona og grensar til det regionale friluftsområdet Eikangervågen- Eknes. I kommuneplanen er det sett byggjegrense mot sjøen. Strandsona er ein avgrensa ressurs og omsynet til ålmenn tilgjenge må vektleggast sterkt. Vi ber om at ein har omsyn til dette i det vidare planarbeidet. Vi viser til dei vetekne arealpolitiske retningslinjene for strandsona i Hordaland. Desse gjev viktige føringar for forvaltning og planlegging.

Samferdsel

Planområdet ligg langs Leknesvegen som har eit avgrensa kollektivtilbod med 11 daglege avgangar til Knarvik i all hovudsak basert på turar som dekkar arbeid, ungdomsskule og vidaregåande skule. I nærområdet er det allereie planlagt og bygd ut ein del bustadar dei siste åra og det vert difor viktig at ein vurderer planforslaget ut frå kapasitet på eksisterande infrastruktur.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming.

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

ADU - Ingeniør Atle D. Utkilen
Postboks 75
5952 Fønnes

Saknr.: 15-005 **Kommune:** Lindås **gbnr.** 196/21 og 30 m.fl. **Gardsnamn:**

Melding om oppstart av privat reguleringsplanarbeid - Hillesvåg Bustadområde. PlanID: 1263-201409

Dokumentliste:


Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2015/	Inn	04.03.2015	ADU - Ingeniør Atle D. Utkilen	Oppstart privat reguleringsplanarbeid	HOK

NGIR har mottatt melding om oppstart av privat reguleringsplanarbeid og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Lindås kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Hentestaden bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestaden. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveg (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 4. mars 2015



Henrik O. Kjøpstad
-kunderådgjevar -



Statens vegvesen

ADU Ingeniør Atle D Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2015/028322-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.03.2015

Varsel om oppstart av privat reguleringsplanarbeid - Planid 1263-201409 - Gnr. 196 bnr. 21 og 30 m. fl. - Hillesvåg bustadområde i Lindås kommune. Plan-ID 1263-201409.

Vi viser til Dykkar oversending av 04.03.15 med varsel om oppstart av privat planarbeid for gnr. 196, bnr. 21 og 30 m. fl., Hillesvåg Bustadområde i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 23 daa og planarbeidlagt opp til regulering av området til bustadføremål og gang-/sykkelveg langs fylkesveg 391. I kommuneplanen er areala disponert til bustad- og fritidsutbygging.

Føremålet med planarbeidet er i samsvar med overordna plan og Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at areala vert regulert etter intensjonen i kommuneplanen.

Når det gjeld omfanget av det varsla planområdet ber vi om at det i nordre del av planområdet vert lagt opp til å få til ei god og trafikksikker tilknytning for mjuke trafikantar til busshaldeplassen og sentrale møteplassar i Hillesvågen. Det må vurderast om det er trong for utviding av planområdet for å kunne gjennomføre naudsynte tiltak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: